



Arkivnr: 2016/895-58
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

Tildeling av prosjektmidler under Kulturelt utviklingsprogram 2016

Samandrag

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 igangsetting av Kulturelt utviklingsprogram (KUP) i samsvar med vedtak 10. juni 2009, og slutta seg til organisering og søknadsprosess som framstilt i saka. Vedtekne programområde for 2016 er følgjande:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping

Dei nye programområda er nokså like dei som tidlegare var gjeldande, men etter revidering i KIRU 16.02, sak 33/16 er formuleringane direkte knytt til vedtekne satsingar i Regional kulturplan med handlingsprogram.

Ved søknadsfristen 1.juli var det komen inn 53 søknader som er handsama i denne saka. Det er til saman søkt om opp mot 26 millionar kroner. For 2016 har Kulturelt utviklingsprogram ei økonomisk ramme på 6,5 millionar kroner. Idretts- og friluftsfeltet har tidlegare ikkje vore innlemma i ordninga, men frå 2016 er det også sett av 500 000 kroner til prosjekt innan idrett og friluftsliv.

Det er tilrådd støtte til 20 av dei omsøkte prosjekta. Det er stor fagleg og kunstnarleg breidde i tildelingane som er tilrådd, og dei fleste sjangrar /felt innan kulturlivet er representert, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i fleire programområda og oppfyller viktige satsingar i regional kulturplan *PREMISS: kultur*. Det har vore viktig å halde fast ved at dette er utviklingsmidlar og skal gje høve til utprøving av nye idear, og ein har slik vore nøye med at dei tilrådde prosjekta har ein klår prosjekttanke og utviklingsmål.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikten som følgjer som vedlegg. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 6 500 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Periode	Tildelt
5.	Baroniet Rosendal / DEN	3-årig utviklingsprosjekt ved Baroniet Rosendal herunder utvikling av Rosendal Kammermusikkfestival	3 år	1 000 000
9.	Bergen Internasjonale Filmfestival	BIFF Expanded	1 år	150 000
10.	Bergens Kunstforening, Bergen Kunsthall	Unge Kunstkjennere	2 år	400 000
11.	BRAK	Konferanseprogram Vill Vill Vest	3 år	240 000
15.	Flaggfabrikken - Senter for fotografi og	Centralize Bergen	3 år	500 000
18.	Foreningen Trykkeriet	VISUELT DEMOKRATI	3 år	160 000
19.	Frøydis Flotve	Les og le	3 år	100 000
21.	Helse Bergen HF	Knutepunktet -Energisenteret for barn og unge	3 år	400 000
24.	Kultur Vest AS	Forprosjekt for kulturformidlings-plattformen "Kulturibergen.no"	1 år	150 000
25.	Kunstgarasjen	Kunstgarasjen Videreutvikling	2 år	650 000
26.	Memoar	Memoar - Utvikling av munnleg historie i Hordaland	1 år	250 000
29.	Norsk Viseforum	Mulighetsstudie for Vestnorsk Viseforum	1 år	140 000
31.	Olympiatoppen Vest	Prestasjonskonferansen Vest	2 år	200 000
33.	Røldal Bygdemuseum	Kunst langs pilegrimsveg	1 år	50 000
38.	Stiftelsen Bergen internasjonale teater	Changing utopia – faglig program ved biennalen Oktoberdansen 2016	H, 1 år	80 000
40.	Stiftelsen Bergen senter for elektronisk kunst	Digicraft	1 år	120 000
41.	Stiftelsen BIT20 ensemble	Deltakarbaserte prosjekt i komposisjon og samtidsmusikk, BIT20	3 år	500 000
44.	Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	RØST	2 år	200 000
47.	Stiftelsen Verdighetssenteret	Forestillingens kraft	2 år	400 000
49.	Studio O AS	Session Studio O - Komposisjon & Musikkdramatikk	1 år	150 000
50.	Studio O AS	Over - Skapende Musikkteater	1 år	160 000
51.	Sunde kyst- og litteratursenter	Prosjektleiar ved Sunde kyst- og litteratursenter, Bergslagen	2 år	500 000

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
1	ACOUSTIC LANDSCAPES AS	Akustiske Landskap - internasjonal gitarfestival	3 år	2 100 000	900 000
2	AKADEMIET EIKANGER-BJØRSVIK	Utvikling og gjennomføring av nye tiltak for å styrka korpskulturen i fylket	3 år	300 000	300 000

3	AKKS BERGEN	Produsentskolen GAIN	1 år	232 000	160 000
4	Austevoll kommune	Derfor bur me her / Why are some societies more successful than others?	1 år	850 000	500 000
6	BERGEN IMPROSTORBAND	Googolplex	3 år	1 260 000	600 000
7	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Kystfriluftslivet for fleire barn og unge	3 år	2 100 000	1 050 000
8	BERGEN UNGDOMSSTORBAND (BUS)	KUCHEZA	1 år	101 000	101 000
12	BÆREKRAFTIGE LIV PÅ LANDÅS	Forprosjekt Lystgården	1 år	140 000	140 000
13	ENTRÉE	Entrée 2017-2019	3 år	600 000	600 000
14	FITFACTORY DA	Helseløft gjennom sunn og aktiv livsstil	2 år	505 000	370 000
16	Folkeakademiet Hordaland	Forteljarverkstad	3 år	1 228 044	420 000
17	Folkeakademiet Hordaland	Folk i Huset	3 år	844 161	480 000
20	HARDING PULS	Arbeidstittel: Squash - kulturvekst	3 år	2 835 000	600 000
22	Herand Idrettslag	Helhetlig Helse	3 år	200 000	150 000
23	Høyer Odda AS	Mulighetsstudie Dunkelageret	2 år	200 000	100 000
27	Museum Vest-avd. Nordsjøfartmuseet	Dagen som endra alt- om krigshendingane i Telavåg. Ny museumsfilm til Nordsjøfartmuseet	2 år	605 000	300 000
28	NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	Industripionérene	1 år	1 420 000	200 000
30	ODDA KOMMUNE	Det undergjerande krusifikset, Røldal stavkyrkje og pilegrimstradisjon	1 år	1 000 000	300 000
32	OSFEST AS	Osfest 2016	1 år	6 250 000	100 000
34	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	AiR i S12	3 år	2 121 100	800 000
35	Silje Ensby	Handlingsbåren	2 år	840 000	420 000
36	SPORTSKLUBBEN DJERV	Historietorget. Et idretts- og kulturhistorisk senter for Hordaland på Møhlenpris	2 år	630 000	200 000
37	STEP IN DANSESTUDIO AS	PUR Jazzkompani	3 år	317 960	200 000
39	Stiftelsen Bergen Music Fest	Bergenfest UNG	3 år	940 000	300 000
42	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Tilgjengeliggjøring av museer gjennom produktutvikling	1 år	2 535 000	1 000 000
43	STIFTELSEN MUSICANORD	Talentprogrammet Ung på Scenen	3 år	1 900 000	900 000

45	Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	Cirkusskolen - utvikling av profesjonelt nysirkuskompani	3 år	2 016 500	600 000
46	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	Folkedans i Hordaland	3 år	3 000 000	1 500 000
48	Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim	Lyngheim, Os. Det historiske tunet. Rosemålarverkstaden.	1 år	500 000	500 000
52	Søreide IL	Skadeforbygging i den frivillige lagidretten	3 år	521 500	521 500
53	VESTKANTSVØMMERNE	Verdiprojektet "RESPEKT"	2 år	400 000	200 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.09.2016

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 igangsetting av Kulturelt utviklingsprogram(KUP) i samsvar med vedtak 10. juni 2009, og slutta seg til organisering og søknadsprosess som framstilt i saka. Ordninga er delt inn i 3 – 4 programområder og siste revidering av programråda vart vedteke i KIRU i sak 33/16 i møte 16.02.2016. Gjeldande programområde for 2016 er såleis:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping

Dei nye programområda ligg tett på tidlegare gjeldande programområde, men formuleringane er no knytt til vedtekne satsingar i Regional kulturplan *PREMISS : kultur* med handlingsprogram. Idretts- og friluftsfeltet har tidlegare ikkje vore innlemma i ordninga, men frå 2016 er det også sett av 500 000 kroner til prosjekt innan idrett og friluftsliv. For 2016 har KUP ei økonomisk ramme på 6,5 millionar kroner.

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er ei tilskotsordning som skal vere med på å realisere Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske mål, og er eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. Kulturelt utviklingsprogram har sidan starten i 2010 vore avgjerande for iverksetjinga av mange viktige prosjekt initiert av kulturlivet i Hordaland. Det er difor eit eige tiltak i vedteken Regional kulturplan for Hordaland 2015- 2025 å styrkje og vidareutvikle KUP som kulturpolitisk verkemiddel.

Det ligg føre 53 søknader som er handsama i denne saka. Total søknadssum er opp mot 26 millionar kroner. Talet på søknader ligg noko høgare enn i fjor. Ingen søknader er avvist pga. formelle manglar. Søkjarane representerer breidda i kunst-, kultur, idretts- og friluftslivet fag- og sjangermessig og geografisk.

Det visast til vedlagte oversyn over søknader med fylkesrådmannen sine kommentarar til den enkelte søknad. Tekstane i oversynet er direkte frå søkjarane sine eigne framleggingar av seg sjølv og sitt prosjekt i elektronisk registrerings skjema.

Følgjande vert vedteke i KIRU 16.02 i sak om Revidering av programområde i Kulturelt utviklingsprogram(KUP)

1. *Følgjande 3 programområde for KUP gjeld for perioden 2016 – 2018:*

- A. *Formidling og deltaking*
- B. *Samordning og samhandling*
- C. *Kunstløft - kunstnarleg nyskaping*

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningslinjer og vilkår for ordninga, men presiserer at det også kan søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv frå 2016. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felta. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningslinjer og programområde i ordninga.*

3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen leggje fram sak om oppretting av fagkomité knytt til programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping, innretting og evt. fullmakter til denne.*

Då det var svært få av dei innkomne søknadane som kun skulle vurderast etter reint kunstnarlege kriterium, og at dei var spreidd på ulike kunstartar er det ikkje gjort framlegg om oppretting av eigen fagkomité knytt til programområde C, slik det vedteke i punkt 3 i vedtaket.

Mål og strategiar for Kulturelt utviklingsprogram - kulturpolitisk effekt

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) har sidan oppstarten i 2010 vore med på å sette ut i livet mange viktige prosjekt der kulturlivet sjølv har vore med på å oppfylle og synleggjere Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske mål. Ein ser både gjennom søknadsmengde og gjennomførte prosjekt at programområda har treft behov og utviklingsønskje breitt i kulturlivet.

Den regional kulturplanen *PREMISS* : *kultur* er knytt tett til programområda i KUP, og desse legg saman vurderingsgrunnlaget for søknadane som vert lagt fram i denne saka. Det er eit tiltak i kulturplanen sin handlingsplan å styrke og vidareutvikle Kulturelt utviklingsprogram som kulturpolitisk verkemiddel. Programområda A og B har vore viktige tema i arbeidet med kulturplanen og er relevante innan alle fagområde, jfr eigne kapittel i saksframlegget. Programområde C er knytt til kunstfeltet spesielt.

Slik ordninga vert innretta i perioden 2016-2018 har fylkesrådmannen ei forventning om at gode KUP-prosjekt innan dei ulike programområda vil vere med på å realisere fleire av dei vedtekne kulturpolitiske måla for Hordaland 2015 -2025:

1. *Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk*
2. *Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom*
3. *Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle*
4. *Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv*
5. *Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk*
6. *Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande*
7. *Bærekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv over heile fylket.*
8. *Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping*

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) for Hordaland er eit verkemiddel for større, klart definerte programsatsingar, og skal støtta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. Programområda er av ein art som gjer dei relevante for breidda av kulturaktørar.

Kulturelt utviklingsprogram skal vera med på å realisera Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske visjonar og vera eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. KUP skal:

- vere eit målretta program med ein tydeleg profil som gir grunnlag for gode spleiselag og krefter til tyngre løft innan større, prioriterte satsingar
- styrkje det kulturpolitiske samarbeidet nasjonalt og internasjonalt
- skape nytt initiativ på regionalt nivå
- styrkje kulturpolitikken som område for samfunnsutvikling
- styrkje Hordaland fylkeskommune som utviklar av kulturfeltet og kome kulturlivet, institusjonar og organisasjonar til gode
- fange opp nye initiativ i den regionale kulturpolitikken med vekt på programsatsingar

Hordaland fylkeskommune har ei utfordring i å kome i møte driftsbehova i kunst- og kulturlivet, men Fylkestinget har føresett at KUP *ikkje* kan nyttast til ordinær drift og investeringar. Kulturelt utviklingsprogram er eit kulturpolitisk verktøy, og eit strategisk grep for å utvikla kulturlivet i Hordaland. KUP skal vera eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin innsats elles på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad. KUP skal auka fylkeskommunen si moglegheit til å føra ein aktiv og målretta kulturpolitikk.

KUP gir fylkeskommunen høve til å vere ein tydeleg finansieringspartner i prosjekt, men programmet skal ikkje fullfinansiera prosjekt.

Krav til søkjar

Søknadene skal vera innafor virkefeltet kunst, kultur, kreativitet og kunnskapsutvikling på feltet. Søkjar sine primæraktivitetar skal vera lokalisert i Hordaland, og søknaden må ha innverknad på utvikling i Hordaland.

Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar, deriblant selskap, foreiningar/lag og stiftingar. Utøvarar med registrerte einskildføretak kan også søkja.

Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare høve vil stilla opp på kurs/seminar/workshops for å formidla erfaringar frå prosjektet. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal stillast til disposisjon for andre institusjonar i Hordaland.

Grunnkriteria

Det er ikkje mogleg å søkja om støtte til ordinær drift eller investeringar. Det blir berre gitt støtte til prosjekt, og desse kan ha eit tidsrom på inntil tre år. Ved planlegging av ei vidareføring utover prosjektperioden, skal det søkjast å oppnå økonomisk medverknad til drift frå statleg og/eller kommunalt nivå.

Prosjekta har normalt tilskotsgrad på inntil 50%. Eigenfinansieringa kan vera arbeidsinnsats. Det kan bli tilrådd at ein har høgare tilskotsgrad ved spesielle tilfelle. Stønadssummen vil variera etter prosjekttype. Det kan skiljast på lengd på prosjekt, tilskotsgrad og eventuelt programområde.

Søknadskategoriar

- 1) 100.000 – 200.000 – prosjekt på inntil 3 år med vekt på nyskaping, overføringsverdi, samarbeid m.v.
- 2) Prosjekt over 200.000 – prosjekt på inntil 3 år, med større krav til partnerskap, gjennomføringsevne, administrasjon, osb.

Det kan i enkelte tilfelle gjevast lågare summar som stimuleringsmidlar til mindre prosjekt/tiltak, eller økonomisk starthjelp for eit prosjekt under utvikling.

Grunnlag for tilråding

Tilrådinga er gjort i samsvar med forvaltningslov og ulovfesta prinsipp for sakshandsaming og skjønnsutøving. Sakshandsamingsprosedyre og tildelingskriterium har som siktemål å sikra eit forsvarleg, forutseieleg og etterprøvbart grunnlag for skjønnsutøving i handsaming av søknadene.

Tilrådinga er gjort med vekt på transparens og objektivitet, med monaleg vekt på å sikra mot ugrunna ulik handsaming, vilkårlegheit, urimelegheit og/eller vektlegging av utanforliggende omsyn. Administrasjonen har ikkje hatt møte med einskildsøkjjarar etter søknadsfristen.

Vurdering av prosjekt

I kva grad omsøkt prosjekt oppfyller dei tre programområda med særskilde satsingspunkt, ligg i botn for vurderinga av søknadane. I tillegg vert følgjande punkt vektlagt og brukt som målestokk:

- i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylla mål i programområdet
- i kva grad prosjektet har betydning for større regionar, heile fylket eller Vestlandet
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet vil føra til meirverde for kultursektoren
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet klarar å bli synleg, mellom anna gjennom marknadsføring og promosjon
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft (miljøsertifisering)
- i kva grad ein har lukkast med å samarbeida med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad ein har teke med vurdering av vidare drift av prosjektet
- i kva grad ein har nasjonal eller internasjonal prosjektfinansiering eller driftsplikt

Om dei enkelte programområda

Prosjekt kan søkjast inn under eit eller fleire programområde, og dei søknadane som er tilrådd ligg tydeleg innanfor fleire programområde.

Programområde A vart lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Formidling og deltaking er eit viktig tema for den regionale kulturpolitikken og innsatsområde i *PREMISS: kultur*. Deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på.

Hordaland har eit svært godt og breitt kulturliv, med høg kvalitet og mange spissa kunstuttrykk. Det er eit offentleg ansvar å legge til rette for ein større og breiare bruk av desse mange kulturtilboda, og å oppmuntre

og oppmode kulturlivet til å utvikle formidlinga og jobbe for å auke deltaking og bruk. God og nyskapande formidling og aktiv deltaking er ei forutsetning for eit levande kultur- og idrettsliv. Det er viktig å heile tida vidareutvikle dette på generelt grunnlag og gje høve til utprøving og pilotprosjekt gjennom KUP. Dette handlar også om å nå nye brukarar. Dette er eit sosialt ansvar / samfunnsansvar. Nye typar kulturbrukarar og deltakarar er også naudsynt for utvikling av kunstuttrykket og kulturen i seg sjølve.

Det ligg ei stor forplikting i dette: *«Hordalandssamfunnet skal ha eit mangfaldig kulturliv der menneske med ulike livsyn, frå alle sosiale lag, økonomiske livssituasjonar, fysiske og psykiske føresetnader er synlege og deltek.»* Både grupper og enkeltpersonar frå ulike samfunnslag og med ulik kulturell bakgrunn, kan oppleve barrierar og utfordringar i møte med kultur- og idrettslivet. Desse kan vere fysiske, mentale eller økonomiske. Dette programområdet skal, jmf. Regional kulturplan m/ handlingprogram, særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:

- Prøver ut nye former for formidling
- Prøver ut metodar og tiltak for auka deltaking og publikumsutvikling
- Styrker mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging
- Tilrettelegg informasjon for ulike brukargrupper
- Styrkar kunst- og kulturinstitusjonane og idretts- og friluftslivorganisasjonane sitt fokus på ungdom som publikum, deltakar og kulturbrukar

Programområde B vert tilrådd lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Hordaland fylkeskommune meiner at betre samordning og større samhandling er ein god veg å gå for å vidareutvikle kultur- og idrettslivet i fylket. *«Kulturpolitikken skal legge til rette for at det profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal styrke sin eigenart, og fremme samarbeid og fellesløysingar. Utvikling av partnerskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar, vil vere eit viktig verkemiddel for bygging og utveksling av kompetanse».* (PREMISS : kultur)

Kompetansebygging og –deling er slik ein viktig del av dette programområdet, og dette kan vere på ulike nivå, med ulike metodar og innan ulike fag, kulturfelt og kunststartar. Gjennom regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune forplakta seg på å bidra til utvikling og stimulering av kompetansenettverk og kulturpolitikken skal legge til rette for utvikling av arenaer, nettverk og samarbeid på tvers av ulike kulturfelt for kunnskaps- og erfaringsutveksling.

Når det gjeld kunstproduksjon og formidling er det formulert i kulturplanen at fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode, og det er viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader. Gjennom samordning og samhandling kan ein såleis vere med på å bygge ein betre infrastruktur for kunst- og kulturlivet i fylket, som vil styrke både den skapande og den formidlande delen. *Dette programområdet skal, jmf. Handlingsplan knytt til regional kulturplan, særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:*

- utviklar tenlege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse
- utviklar møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg og profesjonell sektor
- legg til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom kommunar, frivillige organisasjonar, etablerte institusjonar og det frie profesjonelle feltet
- styrker kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø
- legg forholda til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst og kulturlivet.
- utviklar pilotprosjekt er tverrfaglege og som fremjer fellesproblemstillingar som knyt saman idretts- og kunstlivet.

Programområde C vert tilrådd lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Programområde C. Kunstløft – kunstnarleg nyskaping er eit programområde i KUP som retter seg heilt spesifikt inn mot det profesjonelle kunstlivet med høve til å søkje støtte til produksjon.

Regional kulturplan slår fast i innsatsområde 27 - Kunstløft at vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast, og at ein søker ein betre balanse mellom det frie profesjonelle kunstfeltet og det institusjonelle. Det er ein intensjon at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, og det er mange kunstnarar innan ulike kunststartar som strever med å kunne finansiere spesielt produksjonen av nye verk.

Der er stor aktivitet og kvalitet blant kunstnarane i fylket. Dette må støttast om ein skal oppretthalde og vidareutvikle det høge kunstnarlege nivået ein finn blant kunstnarar innan mange kunststartar. Kunsten er lokal og global. Det skal søkast å utvikle eit internasjonalt kunstliv i heile fylket.

Kulturplanen slår fast at det er eit særleg ansvar for det offentlege å gjere det mogleg å utvikle også det smale kunstnarlege uttrykket. Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt. *Dette programområdet skal rettast inn mot tiltak og prosjekt innan alle kunststartar som:*

- er av høg kunstnarleg kvalitet
- utviklar kunstlivet i fylket innan si kunststart
- utforskar nye samarbeid og samspeleformer mellom ulike kunststartar og kulturformer.
- som kan vere synleg

Om idrett og friluftslivfeltet i KUP

I fylkesbudsjettet for 2016 vart KUP styrka med 410 000 kr: «...tilskotsordninga KUP (Kulturelt utviklingsprogram) vert styrka ..., idrett og friluftsliv vert innlemma i KUP og kan tildelast midlar inntil kr 500 000.(...) Det er i gang ei systematisk gjennomgang og utforming av nye programområde for KUP som er direkte knytt til satsingar i Regional kulturplan. Då kulturplanen legg opp til ein samla politikk for heile kultur- og idrettsfeltet, ser fylkesrådmannen det som naturleg å opne opp for at det kan søkjast støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram også for utviklingsprosjekt innan idrett og friluftsliv. Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettposten med kr 410 000 til 6,5 mill. kr.»

Idrett og friluftsliv er ein viktig del av den regionale politikken. Det kan vere tenleg å bruke KUP for å stimulere prosjekt som utviklar nye samarbeidsmodellar og tverrfagleg kompetanse, og som utviklar ny kontakt mellom aktørar innan kunst, idrett, friluftsliv og det øvrige kulturfeltet. Vidare kan tiltak som løyser felles utfordringar og problemstillingar, og som har overføringsverdi til fleire deler av kulturlivet, ha stor kulturpolitisk nytteverdi. Ein vil leggje vekt på å samle erfaringar i høve denne endringa av ordninga. Dei omsøkte prosjekta innan idretts- og friluftslivfeltet vert vurdert opp mot dei gjeldande programområda slik resten av søkjarane vert.

Kommentarar til dei innkomne søknadane og vurderinga av desse

Det er ei stor fagleg og kunstnarleg breidde i dei tildelingane som er tilrådd, og dei fleste sjangrar /felt innan kulturlivet er representert, både det frivillige og profesjonelle.

Fylkesrådmannen er kjent med at fleire av søkjarane har driftsmessige utfordringar, og fylkeskommunen har ikkje høve til å kome desse i møte tilstrekkeleg gjennom kulturbudsjettet. Det er viktig at KUP er prosjektretta og gir rom for nye initiativ og utvikling og at det ikkje vert eit substitutt for ordinære driftsmidlar. Ein har i denne saka vore nøye på dette, og skilt ordinær drift frå prosjekt. Den noverande økonomiske situasjonen i fylkeskommunen ser diverre ut til å ha svært lite rom for nye satsingar i kulturbudsjettet. Difor er fylkesrådmannen ekstra tilbakehalden til å tilrå KUP-støtte til å sette i gang prosjekt som høgt sannsynleg vil trenge driftsmidlar utover prosjektperioden.

Det som er tilrådd støtte har ein klår prosjekttanke, det er nye tiltak, utprøving og eit sterk utviklingsperspektiv.

Det er motteken mange gode, gjennomarbeidde søknader - langt utover det den økonomiske ramma gir rom for. Fylkesrådmannen har lagt vekt på at dei prosjekta som kjem med skal få ei løyving av ein storleik

relatert til søknadssum som gjer at prosjektet kan realiserast. Enkelte prosjekt som fylkesrådmannen har sett på som svært interessante men med for store usikkerheitsmoment til å få støtte over fleire år, er tilrådd eittårig støtte no og kan evt søkje igjen.

Ein ser at ein del søkjarar har svakheiter i budsjetteringa, og nokon av desse er av meir teknisk / formale art. Ved store søknadssummar og budsjett må ein krevje ein viss kompetanse og styring på dette frå søkjar for å kunne tilrå støtte. At søkjar har gjennomføringsevne og berekraft er eit av kriteria søkjar vert målt på, og dei aller fleste som er tilrådd støtte har vist dette på høgt nivå gjennom mange år. Når det gjeld det formale vil ein sjå på korleis ein betre kan leggje til rette for at søkjar kan levere eit betre budsjett gjennom dei nye nettbaserte skjema.

Det er gledeleg å sjå at det i år søkjast om støtte til fleire gode formidlingsprosjekt, med aktiv deltaking, retta mot ungdom. Søkjarane er i hovudsak institusjonar med høg kunstnarleg kompetanse og lang erfaring. Regional kulturplan har vedteke at barn og unge skal ha særskild merksemd i den regionale kulturpolitikken. Det er også m.a. ein prioritet i programområde A – formidling og deltaking å styrke kunst- og kulturinstitusjonane og idretts- og friluftorganisasjonane sitt fokus på ungdom som publikum, deltakar og kulturbrukar. Det er særskild viktig at ein er med på støtte dette når dei er på veg inn i voksenalivet, og gir høve til å velje fleire alternative interesser utanfor det som er mest populært og tilgjengeleg. Difor har fylkesrådmannen tilrådd støtte til fleire av desse ungdomsprojekta.

Det er komen inn fleire søknader til museumsfilmer / biletspel el i denne søknadsrunda i KUP. KUP har tidlegare støtta prosjektet KJØL som var eit samarbeidsprosjekt mellom Vestnorsk filmsenter og musea, der det vart produsert museumsfilmar som ein del av prosjektet. Det kan vere grunnen til at det no søkjast om støtte til filmar ol knytt til formidlinga i musea / kulturhistorisk formidling. Ein er klar over at slike filmar kan vere viktige i formidlinga og at dei er vanskelege å realisere gjennom ordinære driftsbudsjett. Men fylkesrådmannen ser ikkje at enkeltfilmar oppfyller kriteria for støtte i KUP. Dei oppfyller ikkje i høg nok grad programområda direkte, og har ikkje tilstrekkeleg utviklingspreg og heilskapleg prosjektanke til å verte eit prosjekt innan KUP.

Det er også komen inn nokre søknader om støtte til festivalar, og budsjetta inneheld då i hovudsak utgifter direkte knytt til ordinær festivalavvikling og -drift. Nokre av desse festivalane har også eksistert i fleire år tidlegare. Som eit tiltak i regional kulturplan skal det utarbeidast retningslinjer for fylkeskommunal stønad til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement. Desse vil leggast fram for politisk handsaming i slutten av dette året. Fylkesrådmannen jobbar førebels etter nokre punkt som ligg til grunn for prioriteringar for festivalstøtte innan andre søknadsordningar, m.a. at festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og vilje til utvikling av det kunstnarlege uttrykket er viktig for å kunne oppnå støtte frå HFK. Fylkesrådmannen ser uansett ikkje KUP som ei støtteordning for festivaldrift og har avslått søknadane om dette. Når det gjeld tilsegn til Baroniet i Rosendal ser ein etableringa av kammermusikkfestivalen som ein del av eit større utviklingsprosjekt i Baroniet og dei budsjetterte utgiftene går ikkje til sjølve festivalavviklinga.

Fylkesrådmannen viser vidare til merknader i søknadsoversikten når det gjeld vurdering av kvar einskild søknad. Det må også minnast om at slike kommentarar ikkje kan sjåast på som ei fyldestgjerrande / total forklaring / grunngjeving for tilsegn eller avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.